

Referat frå paneldebatten på bibliotekkonferansen på Skei måndag 29. januar 2007

Deltakarar i panelet: Leiar Anne Hustad i Norsk Bibliotekforening, biblioteksjef i Luster, Ellen Borch Veum, stortingspolitikar Erling Sande (Sp) og leiar av hovudutvalet for kultur i Sogn og Fjordane, Norvald Nøringset (SV).

Hjørdis Åsnes, biblioteksjef i Fjaler: Ho minna om at åtte kommunar i fylket har samarbeidd sidan 1993 om utleige av filmar. Dette samarbeidet blei avslutta på grunn av mangel på personalressursar. Åsnes slo fast at gode samarbeid mellom folkebibliotek i Sunnfjord ikkje er noko nytt.

Gerd Vik, paneldebatt-styrar, leiar NBF Sogn og Fjordane: Peika på at "Bibliotekreform 2014" blir ei ressurskrevjande reform – 300 millionar kroner i 2008 – med nasjonale tiltak for det meste. Vik snakka om høyringsbrevet og om eventuelle endringar i folkebiblioteklova.

Anne Hustad, NBF: Ho kom inn på emnet saumlause bibliotek og nemnte at ulike lover, mellom anna UNESCO, tar for seg bibliotek.

Erling Sande (Sp): I ein replikk om ressursar som følgde med bibliotekreforma meinte han at dei låg litt etter i høve til opptrappingsplanen. Han tykkjer kommuneøkonomien er viktig og peika i den samanheng på regjeringa sin lovnad om å styrkje økonomien i kommunane.

Ellen Borch Veum: Meiner det blir ein kjempejobb å definere sine bibliotek, noko som blir naudsynt for å legitimere tilgong til midlar.

Sande: Meinte det no ligg til rette for betre bibliotek, men han streka under at ein sentralt ikkje kunne dirigere den lokale pengebruken.

Gerd Vik: Om transportordninga som bibliotekreforma skisserer: Kven skal dekkje utgiftene?

Sande: Dette blir ei utfordring. Han såg føre seg at ABM-ressursar bør brukast til dette.

Norvald Nøringset: Meinte at biblioteka må marknadsføre sine tenester og tilbod, kva ein får ut av pengane må synast.

Solveig Bjordal, fylkesbiblioteksjef: Ho peika på at brorparten av midlane til digitalisering skal gå til Nasjonalbiblioteket, ho nemnte at midlane til folkebiblioteka er knytt opp mot konsolidering. Bjordal framheva som positivt investeringsprogrammet om biblioteklokale i bibliotekreforma.

Knut Grinde, opplæringsavdelinga hos fylkeskommunen: Var oppteken av om kravet til bibliotek i skuleverket vil bli skjerpa i Opplæringslova.

Hustad: Fortalde at NBF har ein skulebibliotekaksjon på gong.

K. Støfringsdal, varaordfører i Jølster kommune: Meiner at konsolidering er eit negativt ord og slo fast at bibliotekreforma ikkje måtte kopiere museumsreforma. Sogn og Fjordane eignar seg ikkje til konsolidering, fylket er ikkje slik skapt, hevda ho. Samordning og tett samarbeid er betre, men vi får ikkje pengar om vi ikkje går inn for konsolidering, meinte varaordføraren.

Vik: Ho kom inn på ressursbruk i høve til nasjonale lisensar og digitale tenester.
Hustad: I samband med konsolidering fortalde ho at då høgskulane måtte slå seg saman opplevde biblioteka ved desse skulane ei stor utvikling på grunn av brukarkrava. Dette medverka til betre læringsarenaer, godt utstyrte bibliotek, heving av kompetansen til dei tilsette og betre ressursar.

Nøringset: Var oppteken av at ikkje sentrale bibliotekmiljø får påverke "Bibliotekreform 2014" for mykje.

Svanhild Oppedal, biblioteksjef Gaular folkebibliotek: I samband med forslaget om konsolidering bør geografiske ulikskapar takast omsyn til. Ho trur at samarbeid mellom bibliotek har størst sjanse for og lukkast om initiativet kjem frå grasrota.

Gunnar Urtegård, fylkesarkivar Sogn og Fjordane:
Han uttrykte uro for mangel på samordningar på ABM-området, og stilte spørsmålet om kven som vil ta tak i behovet for samarbeid på dette feltet?

Sande: Meinte at Urtegård var innom eit essensielt emne. Når det gjaldt konsolidering var Sande samd i at lokale, geografiske tilhøve må takast omsyn til.

Nøringset: Han var skuffa over regionmeldinga (stortingsmelding nr. 12 2006-2007 *Regionale fortrinn – regional framtid*, Kommunal-og regionaldepartementet) som etter leiaren i hovudutvalet for kultur si meining har utelete samordnings"biten". Nøringset uttalte bekymring for det han kalla konsolideringsideen til ABM.

Hustad: Vurderer forslaget i bibliotekreforma om å inkludere norsk film i Norsk kulturråds innkjøpsordning som positiv. Det er ein fordel at folkebiblioteka i sine samlingar har ny, norsk film som ikkje er av dei mest populære, meiner ho.

Vik: Påpeika at konsolidering er meint samarbeid som skal styrkje biblioteka.

Bjordal: Ho orda frampå om at det verste i høve til høyringsrunden til "Bibliotekreform 2014" er om attendemeldingane blir så negative at reformforslaget blir lagt i ei skuff. Bjordal understreka at innspela som kom fram under ordskiftet på bibliotekkonferansen på Skei ville bli tekne med under arbeidet med høyringsnotatet hos Sogn og Fjordane fylkesbibliotek.

Torill Berge, biblioteksjef i Gloppen: Som alternativ til konsolidering framheva ho kor bra samarbeid er med tanke på fagleg utvikling og gode tilbod til brukarane. Vidare påpeika Berge at store delar av prosjektmidlane ABM-Utvikling deler ut kan nyttast til å løfte dei svakaste biblioteka.

Varaordførar Støfringsdal, Jølster kommune: Oppteken av å finne styringsmodeller som kan "erstatte" konsolidering. Ho ser det som alvorleg å gje frå seg styringa av folkebiblioteka.

Hjørdis Åsnes: Ho understreka at ein treng dei mobile bibliotektenestene, og utfordra fylkeskommunen til å satse meir på bokbussen. Den er eit supplement til folke-og skulebiblioteka, påpeika Åsnes, men minna også om at bokbussen kostar ein del for kommunane. Vil fylkeskommunen setje av ekstra midlar til bokbussen, undra Åsnes på.

Nøringset: Han er uroa over at bokbussen er lite brukt (fem kommunar i 2007). Nøringset synest bokbussen er billeg for kommunane og har vanskeleg for å forstå kvifor mange av desse har takka nei til bokbussen sine tenester.

Bjordal: Fylkesbiblioteket vil i samband med utarbeidinga av ein sektorplan for kultursektoren i fylkeskommunen sjå nærare på bokbussen og dei mobile bibliotektenestene.

Knut Grinde: Det er behov for og naudsynt å oppgradere kompetansen i skulebiblioteka, men dette kostar, sa han.

Åsnes: Ho undra seg på når alle folkebiblioteka i Sogn og Fjordane får fagutdanna biblioteksjef.

Hustad: Utdanningsnivået til befolkninga aukar og dette set større krav til dei tilsette ved biblioteka. Ho peika også på behovet for ulike typar kompetanse i biblioteka i tida som kjem.

Svanhild Oppedal: Meinte at grunnen til at det er få fagutdanna i folkebiblioteka i fylket har å gjere med små stillingsstorleikar. Løysinga må etter hennar syn vere å utvikle kompetanse på kvar sine felt og samarbeide om å nyttiggjere seg desse, då vil biblioteka bli meir attraktive for arbeidssøkjjarar, uttrykte Oppedal.

Vik: Opplyste at det i 2005 var seks utdanna biblioteksjefar i 100% stilling i Sogn og Fjordane.

Nøringset: Han lurte på kven av folkebiblioteka som har samarbeidd med fylkesarkivet.

Erling Sande: Vi er einige om måla, det heile kokar ned til økonomiske ressursar, oppsummerte stortingspolitikaren. Han ser føre seg at tettare og meir samarbeid biblioteka imellom kan vere med på å utvikle dei og slik gje betre tenester til brukarane. Sande meiner at det litt til grunn føringar i "Bibliotekreform 2014" som tilseier at dei kommunane som går inn for konsolidering får tildelt pengar.

Ingunn Stokstad, Aurland folkebibliotek: Understreka at ho ikkje var redd for konsolideringstanken.

Anne Sagen: Ho meinte at biblioteka samarbeidar med mange ulike institusjonar, når det gjeld fylkesarkivet og samarbeid om lokalhistorie ser ho på dette som eit snevert område i høve til folkebiblioteka sine kjerneverksemdar.

Hustad: Sa at det er lite i "Bibliotekreform 2014" om samarbeid mellom arkiv, museum og bibliotek.

Sande: Det er mykje kompetanse i museumssektoren, meiner han, og uroa seg over om det kan vere høge og breie skott mellom arkiv og bibliotek. Sande la til at den lokale kunnskapen til bibliotekarane har høg verdi.

Signe Witsø, Sogndal folkebibliotek: Ho fortalde om det lokalhistoriske arkivet deira som starta som prosjekt i samarbeid med fylkesarkivet. Sogndal bibliotek og De Heibergske samlingar har no felles database. Om "Bibliotekreform 2014" sa Witsø at etter hennar syn inneheld utgreiinga lite om skulebibliotek.